



Salmekveld med Støylensalmar på søndag.

**Søndag kl.19.00 er det klart for ein ny salmekveld i Uskedal kyrkje. Tidlegare har det vore vellukka samlingar rundt salmane til Anders Hovden, Mathias Orheim, Trygve Bjerkheim, Nikolai F. S. Grundtvig og Elias Blix. Denne gongen er turen komen til Bernt A. Støylen.**

Bernt A. Støylen (1858-1937) var frå Sande på Sunnmøre. Han var prest, salmediktar og barnebokforfattar. Han var biskop i Agder frå 1913 til 1930. I den nye salmeboka har han med 8 salmar han har skrive sjølv og 38 han har omsett frå andre språk. Nokre av salmane kjenner mange av oss frå skuletida. Dei mest kjende er Til kjærleik Gud oss skapte og bordsalmen Gud signe maten. Under salmekvelden vil Kristian O. Bringedal fortelja om salmediktaren Bernt Støylen.



[Reidar Algerøy spelar til salmane.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

I tillegg til at nokre av salmane til Støylen vert sungne, vil også salmen Gud signe vårt folk der dei siglar og ror verta deklamert av Møyfrid Kristoffersen. Reidar Algerøy spelar orgel og piano til salmesongen. Koralar framført av messinggrupper kling vakkert i kyrkjerommet, og Uskedal musikklag vil framføra 6 korte koralar.

Det vert også lagt inn ein pause med kyrkjekaffi. Etter det vert det tid for salmeynskje. Her kan alle melda inn kjende og kjære salmar, ein salme som står for noko spesielt for ein.



Møyfrid Kristoffersen deklamerer. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland